
Fra: Eirik Netteland <eirik.netteland@ikah.no>
Sendt: 27. januar 2015 09:15
Til: Anne Dahle Austrheim
Emne: Kartlegging av elektroniske arkiv i kommunane 2015 - orientering

Radøy kommune v/Arkivleiar Anne Dahle Austrheim

Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
15/14 - 2 -EN

Dato:
27.01.2015

Kartlegging av elektroniske arkiv i kommunane 2015 - orientering

Interkommunalt arkiv i Hordaland skal i 2015 gjennomføre ei kartlegging av elektroniske arkiv i kommunane. Sist gong IKAH gjennomførte ei slik systematisk kartlegging var i 1998. Vi skal gjennomføre kartlegginga i vår og ein rapport skal være klar innan september. Rapporten skal gje ein oversikt over aktive og avslutta system i kommunane, og system levert til depot. Den skal også innehalde ei overordna bevaringsvurdering.

Vi reknar med å sende ut ei spørjeundersøking i løpet av mars med ein svarfrist på om lag 3 veker. Vi ber om at arkivleiar i den enkelte kommune allereie no byrjar å orientere seg om kor mange sak/arkivsystem og fagsystem som er i drift i kommunen i dag, kva system som er avslutta, kva som framleis finst og kva som har gått tapt. Det er anbefalt at undersøkinga blir svara på med deltaking frå IT-tenesta i kommunen. Sjå også over organisasjonskartet til kommunen, og bruk gjerne den som ein pekepinn på kva som kan finnast. Dersom det er uklårt kva fagsystem ei indre eller ytre kommunal eining har av fagsystem er det anbefalt å ta direkte kontakt med eininga og forhøyre seg.

Spørjeundersøkinga kjem til å ta utgangspunkt i funksjonskategoriar utarbeida av SAMDOK-prosjektet til Riksarkivet (Samla samfunnsdokumentasjon). Ei arbeidsgruppe i dette prosjektet har utarbeida ei nasjonal kartlegging av digitalt skapte materiale i kommunane mellom 1985 – 2010. Denne kartlegginga har tatt utgangspunkt i tidlegare kartleggingar gjennomført av IKA-institusjonane, byarkiva og fylkesarkiva (I Hordaland sitt tilfelle frå 1998). Arbeidsgruppa konkluderte med at det i gjennomsnitt var 28,5 systemførekomstar per kommune i perioden 1985 – 2010 og at alle kommunane hadde minst eitt system innanfor kvart funksjonsområde per 2010.

Funksjonskategoriane til SAMDOK-prosjektet følgjer nedanfor og vi ber om at dykk allereie no startar arbeidet med å orientere dykk om kva for system kommunen har og har hatt innanfor dei ulike fagområda.

- Sosialteneste
- Bygg – oppmåling – eigedom
- Teknisk drift og anlegg
- Økonomi
- Skule
- Helseteneste
- Arkivteneste – sak/arkiv
- Intern administrasjon – under dette personal
- Barnevern
- Kyrkje
- Barnehage
- Pleie og omsorg
- Flyktingeteneste
- Naturforvaltning
- Val og valadministrasjon
- Kultur og idrett

Rapporta «Digitalt skapt materiale i kommunal sektor 1985 – 2010 – kartlegging» kan lesast her: https://samdokdotcom.files.wordpress.com/2015/01/rapport-samdok-2014_2-kartlegging-av-digitalt-skapt-materiale-i-kommunal-sektor.pdf

Ta kontakt med oss dersom de har spørsmål eller noko er uklårt.

Eirik Netteland eirik.netteland@ikah.no 55 30 60 98

Øyvind W. Olsen oyvind.olsen@ikah.no 55 30 60 92

Med venleg helsing

Eirik Netteland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi til:

Øyvind Westad Olsen

Eirik Netteland

Rune Lothe